

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 07.03. 2005
Sakshandsamar: Åsmund Norheim
Saka gjeld: **Strategiplan innkjøp**

Styresak 35/05 B

Styremøte 15.03. 2005

Bakgrunn

Den regionale styringsgruppa for innkjøp har utarbeidd ein strategiplan for innkjøp i Helse Vest. Som del av strategiplanen er det også utarbeidd etiske retningslinjer for innkjøp i Helse Vest. Etiske retningslinjer blir framlagde for styret som eiga sak, jfr. sak 34/05.

Strategiplanen for innkjøp har blitt behandla i dei respektive helseføretaka sine styrer i løpet av januar/februar 2005. I Helse Stavanger HF og Apoteka Vest HF gjenstår styrebehandling av saka.

Kommentarar

Hensikten med strategiplanen er å setje fokus på dei områda som det er av strategisk betydning at samla helseføretaksgruppe prioriterer å arbeide med for å oppnå ei effektiv innkjøps- og forsyningsteneste i heile helseregionen.

Strategiplanen definerer felles målsetjingar og veival for innkjøpsarbeidet i regionen.

Strategiplanen for innkjøp tek utgangspunkt i overordna føretaksplan for Helse Vest og den føretaksideen som er nedfelt der:

”Helse Vest skal sørgje for effektive og framtidsretta helsetenester av høg kvalitet.”

Innkjøpsfunksjonen er ein støttefunksjon som skal støtte opp under føretaksideen gjennom å arbeide for at fylgjande målsetjingar kan nås:

- sikre tilgang til alle nødvendige innsatsfaktorar (varer og tenester) med rett kvalitet til dei mest lønsame betingelsar
- sikre at lov om offentlege anskaffelser med tilhøyrande forskrift blir etterlevd og at ein gjennom forretningsmessig tilnærming og likebehandling av leverandørar oppnår høgare verdiskaping og best mogleg nytte for helseføretaka.

Det er ein føresetnad at det blir gitt leiarinformasjon i form av rutinemessig rapportering i høve til dei mål og satsingsområde som ligg i strategiplanen. Dette omfattar også informasjon til styrenivå. I arbeidet

som pågår i Helse Vest med å utvikle gode rapporteringssystem både når det gjeld heilskapleg styringsinformasjon og internkontroll, må det vektleggjast å sikre gode rutinar for slik leiarinformasjon, også innafor innkjøpssektoren.

Forslag til vedtak:

1. Strategiplan for innkjøp skal liggja til grunn som eit strategisk verkemiddel for innkjøpsarbeidet i Helse Vest
2. Det må innarbeidast gode rapporteringsrutinar for det samla innkjøpsarbeidet i Helse Vest som samsvarar med dei mål og satsingsområde som er lagt til grunn i planen.